



Dimmelsvik-firmaet har teke til med overvass-prosjektet

Dimmelsvik Entreprenør er no igang med å grava grøfta for den nye overvassleidningen frå fylkesveg 48 via Korsnes og ned til fjorden. Det er ein 325 meter lang strekning som Dimmelsvik Entreprenør skal utføra for ein kontraktssum på 2 389 150 kroner, Prosjektet er naudsynt på grunn av utbyggjinga i Ospelunden som no er godt igang.

Den gamle leidningen har ein dimensjon på 400 millimeter og det er altfor lite med tanke på dei vassmengdene som vil krevja avlaup frå dette området i framtida.

Dimensjonen har allereie vore for liten, Leidningen har stadig oftare gått full. Nettet har ikkje makta å ta unna vassmengdene og det har vorte flaumskadar.

Dette er det hittil største bustadprosjektet i Uskedalen, med ei mogeleg maksimal utbyggjing på meir enn 60 bustader. Kostnadsramma for den nye overvassleidningen er 2,5 millionar kroner og entreprenørfirmaet i Dimmelsvik hadde det gunstigste tilbodet.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen